



Hallgeir Mjåtveit  
Solberget 22  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2484 - 18/24907

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
26.11.2018

## Godkjenning - arealoverføring frå gbnr 1/19 til Gbnr 1/69

**Administrativt vedtak. Saknr: 319/2018**

**Tiltakshavar:** Linda Dale Mjåtveit

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 – 4.

### Tiltak

Tiltakshavar, Hanna Sofie Solberg har søkt om løyve til arealoverføring av ca.81m<sup>2</sup> frå gbnr. Gbnr 1/19 til gbnr 1/69. Delar av eigedom Gbnr 1/19 som omsøkt overført er matrikkelført som byggjeområdet regulert til bustadområdet i reguleringsplanen for Flatøy Sør/Aust med plan ID nr. 125619971015, vedtatt den 27.11.96. Om lag 6 m<sup>2</sup> er satt av til framtidig bustadbygging i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Hovudparsel gbnr 1/19 har eit samla areal på om lag 86,2 daa.

Hanna Solberg står matrikkelført som grunneigar. Arealet som er søkt overført på ca. 81 m<sup>2</sup> er markert med striper på vedlagt situasjonskart datert 17.10.18, journalført motteke 24.10.2018. Vi viser til søknad journalført motteke 24.10.2018.

---

#### Postadresse


postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



#### **VURDERING:**

##### **Nabovarsling:**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21- 3 andre ledd. Administrasjonen har ingen merknadar til dette, då tiltaket råka ingen interesser.

##### **Lov - og plangrunnlag:**

Endring av eigedomsgrenser er «tiltak» etter pbl § 1- 6 , og er søknadspliktig etter pbl § 20- 2, jf. § 20 - 1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26 -1 at tiltaket «må ikkje gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.»

Den omsøkte eigedomen er omfatta av Reguleringsplan for Flatøy Sør/Aust, planID: 125619971015, og er i all hovudsak regulert til bustadområde. Overføring av dette arealet er dermed i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Ein mindre del av arealet, om lag 6 m<sup>2</sup>, er satt av til framtidig bustadbygging i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Sjølv om det i utgangspunktet gjeld eit plankrav for arealet, kan ikkje administrasjonen sjå at arealoverføring som omsøkt får betydning for framtidig regulering. Det kan difor gis løyve til det omsøkte tiltaket også for dette arealet, jf. føresegn § 2.1.1 c) til KPA.

Arealoverføringa har ingen innverknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

##### **Vedtak**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m) løyve til overføring av areal på gbnr. 1/11 til gbnr. 1/69 i henhold til vedlagte situasjonskart.*

*Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkelova.*

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Rekvisisjon av oppmålingsforretning - arealoverføring GBNR 1/19, 69  
Rekvisisjon av oppmålingsforretning - epost

**Kopi til:**

Hanna Sofie Solberg	Solberget 20	5918	FREKHAUG
---------------------	--------------	------	----------

**Mottakarar:**

Hallgeir Mjåtveit	Solberget 22	5918	FREKHAUG
Linda Dale Mjåtveit	Solberget 22	5918	FREKHAUG